

Navnekristne og fråfall i Japan

AV DAGFINN SOLHEIM

Meir enn halvparten (55,5 %) av japanske kristne har kome på avstand frå kyrkja eller vore nær ved fråfall. 43 % har inga slik erfaring. 94 % av dei kristne kjenner personleg ein eller fleire som har forlate kyrkja. Dette er resultatet av ei undersøkjing som er gjort av Kansai Misjonssenter (Kansai Mission Research Center) i Kansaiområdet i Japan. Eit spørjeskjema blei sendt ut til 3600 som held ei kristen avis (Christian Shimbun). 371 lekfolk sende inn svar (12,5 %). I tillegg kom det svar frå 75 prestar som fekk tilsendt eit spørjeskjema berekna for dei spesielt.

A. Kvifor forlet så mange kyrkja?

1. *Dei manglar frelsesvisse* (vanlege kristne 57,8 %, prestar 32 %). Over halvparten svarar at det er på grunn av problem med deira trusliv. Mange prestar definerar dette vidare slik: Dei er usikre når det gjeld frelsa. Dei har ikkje grepe evangeliet og har inga frelsesvisse.

2. *Vanskari høve til andre menneske – anstøytyt.*

Den andre hovedgrunnen til at mange forlet kyrkja gjeld problem i høve til andre menneske. Både prestar og lekfolk ser dette som eit stort problem. Likevel legg prestane mindre vekt på dette enn dei som har kome på avstand sjølv og vanlege kristne (sjå fig. lekfolk: 26,2 + 27,2 + 23,3 = 76,7 %, prestar: 28 + 13,3 = 41,3 %)

Sjølv atmosfera i kyrkja

På japansk er ordet anstøytyt (*tsumazuki*) brukt i denne samanhengen. 26,2 % forlet kyrkja pga. at dei ikkje finn seg til rette der, generelt sett. Japanaren er svært var når det gjeld det dei kallar *fun'inki* atmosfære. Prestane har ikkje gjort til kjenne at dei er oppmerksame på dette, men det er vel truleg at dei har sett det i samanheng med vanskari tilhøvet til andre kyrkjemedlemmer (prestar: 28 %, lekfolk 23,3 %).

Dei tar anstøyt av andre kyrkjemedlemmer

Generelt sett er mellommenneskelege forhold svært viktige, men også ømtålige i Japan. Sjølv om kyrkja forkynner eit budskap om tilgjeving, ser det ikkje ut som om dette problemet er løyst i kyrkja heller. Eit ganske stort antall gir til kjenne at dei forlet kyrkja hovedsakeleg fordi dei ikkje kan leva saman med andre kristne.

Presten

Sjølv presten blir til anstøyt for mange (lekfolk 27,7 %, prestane si vurdering 13,3 %). I denne samanhengen skjer det ofte at dei som forlet kyrkja ikkje ønskjer å gå bort frå Kristus, men dei kan ikkje klara å gå saman med ein eller fleire kristne.

Eit verkeleg tillitsforhold mellom prest/lek-leiar og dei kristne vantar ofte. Ei slik misnøye med presten er og ei tung bør å bera. Prestane prøver å ha omsorg for å ta seg av den enkelte, men maktar ikkje dette fullt ut. Det er ofte svært mykje som blir forventa (forlanga) av presten.

3. For travelt opptekne i skule og arbeid

(lekfolk 14,1 %, prestar 17,3 %). Mange japanarar lever under eit stort press anten i skulen eller på arbeidsplassen. Søndagen er og ofte belagt med aktivitetar i tilknytning til skule og nabolog. Dette gjer det vanskeleg for kristne – men det kan og sjølvsagt nyttast som ein unnskyldning.

4. Vanskar i høve til familien

16,5 % av dei kristne gir «forholda i heimen» som grunn. Prestane vurderer «giftermål med ikkje-kristne» (14,7 %) og det at familien er imot (9 %) som viktige grunnar til at folk forlet kyrkja.

5. Verdslegdom (prestar 13,3 %)

Prestane har her med følgjande: freistinger frå verda, slike som set andre ting høgre enn Gud, og dei som ikkje klarar å halda ut presset i eit sekularisert samfunn. Eller slik dei kristne uttrykkjer det: dei glei bort pga. verdslege vene og naboar (8,3 %).

6. Flytting

Det er naturleg nok dei som forlet ei kyrkje fordi dei skiftar arbeidsplass eller avsluttar skulegang. Diverre har mange av desse vanskeleg for å finna seg tilrette i ei kyrkje på den nye plassen som er forskjellig frå deira eiga.

7. Andre grunnar som var nemt:

Manglande dåpsundervisning og vegleiing etter dåpen, synd, egoisme, slike som ikkje lyttar til råd, og så dei som går over til ein annan religion (ikkje så mange).

B. Kan du finna særtrekk hos dei som forlet kyrkja?

(frå spørsmåla til prestane)

1. Tilstanden då dei blei døypt

Dei var ikkje i stand til å gripa kva frelsa er, eller der var inga verkeleg omvending. Likeeins blir mangefull og kort dåpsundervisning nemnt. Nokre var svært unge og sume kom saman med vener – utan sjølv å ha ei overbevisning (24 %).

2. Karakter

- Egosentrisk, sjølvisk, utan ansvar, trulause, late osv. (20 %)
- Slike som har sterk legning til jordiske ting som pengar m.m. (9,3 %)
- Kjenslemenneske: Dei blir grepne, men er ustadige (6,7 %).
- Innadvendte personar – slike som har vanskeleg for å finna vener (8 %). Elles er det nokre kristne som går frå kyrkje til kyrkje utan å finna seg til rette (4 %).

3. Forhold til andre menneske

Her blir det nemnt slike som lett blir fornerma, folk som kjem til kyrkja fordi dei er tiltalt av nokon der, og dei som får eit svært nært forhold til prestefamilien. Ofte forlet dei kyrkja når han blir flytta til ei anna forsamling.

C. Kva kan prestane tenkje seg å gjera for å bøta på dette (fråfallet)?

(frå spørsmåla til prestane)

1. Felles hyrdeansvar hos kristne

Meir enn 40 prosent (41,3 %) fell under denne rubriken: Lekfolket må dela hyrdeansvaret (Det alminnelige prestedømet).

Sjølv med små forsamlingar er det umogeleg for presten å forstå, ha omsorg for og hjelpe alle medlemmane. Hyrdeansvaret blir betre teke vare på ved at nådegåvene kjem i funksjon. Difor må ein finne leiarar mellom lekfolket som også får ansvar. Kyrkja må ha eit bønfellesskap og eit tillitsforhold som gjer at medlemmane kan koma dit også med sorg og problem. Konkret blir det lagt fram forslag om eit fellesskapssamver etter gudstenesta. Viktig er det då at alle kan føla seg velkomne, og kjenna seg som ein familie. Det blei og foreslått team-arbeid for å nå dei som er komne på avstand og at alle skulle vere medlemmer av ei eller anna gruppe – slik at dei kan få seg vener. Likeeins kan ein eldre medlem få i oppdrag å hjelpa og ta seg av ein som er nydøypet.

2. Opplæring og oppdragelse etter dåpen (24 %)

Her blir det særleg nemnt katekisme- eller dogmatiske opplæring. Dei kristne må bli ført inn i ei trygg og tillitsfull tru og leve i frelsesvisse. Mange japanske kristne synes å mangle dette.

3. Grundig dåpsopplæring (22,7 %)

Sidan dette synes å vera så viktig skulle ein vera streng i krava her (Det er svært forskjellig praksis i ulike kyrkjesamfunn, dei lutherske har alltid lagt vekt på dette). Elles blir det lagt vekt på at det må vera ei verkeleg omvending før nokon blir døypt.

4. Presten må følge opp den enkelte (20 %)

Sidan dei kristne lever i eit ikkje-kristent samfunn, treng dei leiing og hjelp når det gjeld kvar dagslivet. Dei må vera kristne og samtidig japanske samfunnsborgarar. Presten må her vera eit førebilete for andre kristne.

5. Kontakten må haldast med dei som kjem på avstand (20 %)

Her blir det vist til ymse måtar å halde kontakten sjølv om ein medlem ikkje kjem til kyrkje: husbesøk, brev, telefon.

6. Ei bibelforankra tru og rett syn på kyrkja

Dei kristne må bli leia til å ta næring frå Bibelen i dagleg bibellesing. Likeeins må dei bli undervist i kor viktig det er å ta del i gudsteneste og kristent fellesskap (6,7 %). Det er også viktig at den enkelte finn sin plass og si rolle i kyrkja. Ved å ta del i arbeid og evangelisering blir en sjølv bevart (6,7 %).

D. Dei som kom tilbake

1. Mange av dei som forlet kyrkja kjem tilbake ein dag. Meir enn 60 prosent av desse seier at dei kjem tilbake fordi dei har gått i seg sjølv (sml. Luk. 15). Dette kan vera grunnen til at kyrkjene sjeldan heilt stryk ut ein medlem av medlemslistene sine – sjølv om dei opererer med forskjellige kategoriar av medlemmer. Det er ikkje få eksempel på at folk kjem tilbake etter mange år. Kyrkjer som har lagt vekt på å nå slike som er komne på avstand melder ofte om god respons.

2. Berre 10 % av dei som kjem tilbake reknar med at «kyrkja sitt arbeid» er grunnen til at dei kjem tilbake.

3. Derimot er personleg initiativ frå ein av medlemmene (24 %) eller frå presten (19 %) svært viktig. Den personlege kontakten viser seg å vera svært viktig.

4. Massemedia. Heile 16,6 % kjem tilbake fordi dei har blitt mint om kyrkja gjennom bøker, blad, avisar, fjernsyn o.l.

5. Evangerliseringsmøte. Store interkonfesjonelle evangeliseringskampanjar har og vore med og ført nokre tilbake til kyrkja (11,4 %).

Konklusjon

Me har her berre kunna ta for oss ein del av alle opplysningsane som har kome inn. Mange gripande vitnesbyrd har det og vore. Men på denne måten har me sett lyset på ei side ved kyrkjeveksten som ofte er gløymt. Den japanske kyrkja vil på denne måten møte eit alvorleg problem. Gjennom vidare arbeid vil ein klargjere behova og prøve å møte dei. Me må ikkje gløyma at dei profetane i det gamle testamentet som berre ropa fred, fred! var falske profetar. Det er nødvendig å erkjenne tilstanden og møta vanskane.

Midt i dette må me ikkje gløyma at det er mange grunnar til at kyrkja i Japan ikkje skal mista motat. Kyrkja er velsigna med mange fine prestar og kristne som vitnar frimodig om si tru. Framfor alt veit me om krafta i evangeliet og at Gud verkar mellom oss. Men på denne bakrunnen er det og nadsynt å be om fornying og vekking for kyrkja i Japan.

Tillegg: svar frå prestane, grafisk framstilt
svar frå lekfolk, grafisk framstilt

Fotnote:

Undersøkjinga blei gjort i samanheng med at KMRC overset bøker frå Lausanne serien. Boka «Christian Witness to Nominal Christians Among Protestants» har nett blitt omsett av Dr. Gyoji Nabeta. Resultata av undersøkjinga har blitt gjort kjent i «Christian Shimbun» (avis) 23/12 1984, og vil koma som tillegg til boka som er nemnt ovanfor – på japansk februar 1985.

Svar frå PRESTAR:

Nemn viktige grunnar til at fråfalne kom på avstand frå kyrkja:

Giftarmål med ikkje-kristne	14,7 %
Problem i tilhøvet til andre kyrkjemedlemmer (anstøyt) .	28 %
Anstøyt/problem i tilhøve til presten	13,3 %
Verdsligheit	13,3 %
Trusspørsmål, uvisse når det gjeld frelsa	32 %
Skifte av buplass	9,3 %
Familien er negativ	9,3 %
Stort arbeidspress	17,3 %

Kva kan prestane tenkje seg å gjera for å bøta på dette fråfallet?

Felles hyrdeansvar mellom kristne	41,3 %
Grundig opplæring før dåpen	22,7 %
Grundig opplæring og oppdragelse i kristne lære-	
setninger etter dåpen	24 %
Delta i kristent arbeid	6,7 %
Undervisning om kva kyrkja er	6,7 %
Presten må personleg ta seg av den enkelte	20 %
Husbesøk, brev, telefon	20 %

Svar fr  LEKFOLK:

Har du erfaring av å i lengre tid ha vore borte frå (eller nær ved å forlate) kyrkja?

Ja 55,5 % Nein 43,4 %

Kva var grunnen til at du forlet kyrkja?

Tilhøva i heimen	16,5 %
Arbeidspress på arbeidsplassen eller ved skulen	14,1 %
Forhold til verdslege kameratar og naboar	8,3 %
Problem i høve til forholda i kyrkja	26,2 %
Tatt anstøyt av presten	27,2 %
Tatt anstøyt av andre kyrkjemedlemmer	23,3 %
Problemet ligg i eins eiga tru	57,8 %
Dårleg program i kyrkja	8,7 %

Har du erfaring av å koma tilbake til kyrkja etter at du eingong har misst trua?

Ja 47,2 % Nej 38 %

Kva var grunnen til at du kom til tru igjen?

Pga. kyrkja sitt arbeid	10,3 %
Ved presten sitt arbeid	19,4 %
Pga. ein annen medlem: besøk o.l.	24 %
Sjølverkjennung/omvending	61,1 %
Ved hjelp av bøker, blad, aviser og fjernsyn	16,6 %
Ved evangeliseringsmøte (større kampanjar)	11,4 %